

Rutinar for byting av framandspråk, fordjuping i matematikk, fordjuping i engelsk og arbeidslivsfag

På ungdomsskulen vel ein mellom framandspråka fransk, spansk eller tysk. Ein kan og velja fordjuping i matematikk, fordjuping i engelsk eller arbeidslivsfag. Alle elevar må velja ut frå det som skulen til ei kvar tid tilbyr.

1. Elevane skal ha faget dei har valt frå 8. – 10. trinn. Hovudregelen er at når du har gjort eit val i starten på 8. trinn, skal du normalt behalda det same faget gjennom heile ungdomsskulen.
2. Det fyrste halvåret i 8. trinn *kan* elevane og foreldre endra det valet dei har gjort – i samråd med skulen ([Forskrift til privatskulelova §1 – 7](#))
3. Ingen elevar får byta før haustferien på 8. trinn.
4. Etter jul på 8. trinn kan ein byta språk, fordjuping i matematikk, fordjuping i engelsk eller arbeidslivsfag dersom ein har særlege grunnar. Grunnar kan vera sjukdom eller lære vanskar.
5. I utgangspunktet er det ikkje mogleg å byta etter at ein har byrja på 10.trinn.
6. Det er leiarmøtet som avgjer om ein elev får bytta, etter vurdering av skriftleg søknad frå foreldre / føresette.